

Frederik Moltke Bugge

Av

ASBJØRN ØVERÅS

(Foredrag på Høgtidsdagen 26de februar 1947.)



Det er ikkje berre ei ære, men ei serskild glede å få tala på denne høgtidsdagen i selskapet vårt om rektor FREDERIK MOLTKE BUGGE, og iser her i denne gamle festsalen, som han, både som rektor ved Trondheim katedralskole og som mangeårig medlem av og preses i Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab var sterkare knytt til enn truleg nokon annan mann. Det bør og minnst i dette høvet at ikkje berre hans viktigaste livsgjering er knytt til denne skulen som han gjorde til ein mønsterskule for heile landet, men her, vegg i vegg med festsalen, hadde han og sin heim og sitt rike privatliv saman

med sin «gjennomtækkelige, fast idealsk elskværdige kone» ANNE MARIE MAGELSEN — som får desse (av Maurits Hansen) og mange andre lovord av Bugges vener — og sine 7 born. Og her rusla jamt gamle festlege faren og bestefaren, den hjartegode, frodige og åndskvasse, men vyrdlause bispen PETER

OLIVARIUS BUGGE heilt til han døydde i 1849; frå han vart bisp i 1804 og til han gjekk ut or embetet i 1842, var han også fremste medlem i Katedralskolens «Direction», eller «Eforatet», som det då helst heitte, og var såleis også overordna sonen sin i mange år. Som kjent var biskop Bugge og sterkt knytt til Vitskapselskapet, ingen hadde til den tid presidert så lenge i selskapet vårt som bispen — 17 år i alt —, ja, ikkje ein gong sonen, rektor Bugge, greidde slå han ut, endå han vart vald til preses berre 32 år gamal; men han styrde selskapet med større kraft og vid-syn enn nokon dei 12-13 åra (1938-50) han hadde helse til det, noko vi sidan skal sjå nærare på. Og her på Trondhjems lærde skole, som namnet var den gongen, gjekk den unge Frederik sjølv på skule dei 8 obligatoriske åra, frå 9 til 17 år — og likeeins den litt eldre broren SØREN BRUUN BUGGE, som samstundes med rektortida til Frederik i Trondheim, sat rektor ved Oslo Katedral-skole; dei vart baa utnemnde til desse embeta i 1833.

Buggeætta er ei merkeleg evnerik og opplysningsinteressert ætt med vide og sterke røter både attende i tida og utover alt landet — og jamt med friske renningar mot framtida. Det er nok å nemna at eine sonen til Frøderik Bugge, Frederik Wihelm Klumpp Bugge, tok teologisk embetseksamen med innstilling — og vart professor, stortingsmann og tilslutt bisp i Oslo, og ein annan, Christian, preseterist frå Trondheim katedralskole siste rektoråret til Bugge, var knapt mindre evnerik, men døydde stutt tid etter han var ferdig med filologisk embetseksamen, 28 år gamal, då overlærer ved Bergen katedralskole. Ein tredje son vart ein vyrd distriktslækjar. Det er noko uvanleg vitakt over denne ætta: faren, bispen, tok filologisk eksamen, teologisk eksamen, magistergrad og teologisk doktorgrad, noko av ei urkraft både fysisk og psykisk. Likevel var kanskje ingen av dei meir evnerik enn Frederik Bugge; han var og den som mest likna bispen, sermerkt, sjølvstendig, open og djervlyndt, gav hogg og tok hogg som ein riddar med blanke våpen gjer det, ein blenkjande kvass og kritisk intelligens — men med eit hjartelag og mjuklynde under som skaper sterke svingingar i hans sinn og ein rik nyansert personlegdom, noko som samstundes helst gjer han litt veik og vikande når den fyrste strålende framgangen vert broten av sjukdom og motgang av ulike slag utover 1840-åra. I hefteskiftet «Portræt av mærkelige Nordmænd» er Frederik Bugge karakterisert av forfattere, visstnok den kjende filologen Jacob Løkke, med slike ord: «Han er uimodsigeligen af Norges meget mærkelige Mænd» — ord som iser må gle hans fødeby Trondheim å høyra; byen har ikkje fostra så

mange menn av Bugges dimensjonar så vi i minsto bør æra oss sjølve ved å la minnet hans leva. Men viktigare ting frå Løkkes skildring, når ein fyrst vil freista skjøna livsgangen og lagnaden til Frederik Bugge, er opplysningane vi får om den unge universitetsstudenten i orda om «det overveiende ideale Sving i hans Aand og hans af Naturen yderst livlige Gemyt der stundom, endog i de senere Aar, streifer over paa en vis barnlig Overgivenheds Gebet. Og forfatteren fortel vidare at «i det selskabelige Liv er Bugge i høi Grad munter og livlig og tilbøielig til ikke at veie sine Ord saa nøie.» I slike høve «gaar hans medfødte Lune let over til en drillende Overgivenhed, der for dem, der ikke des nøiere kjender ham, stundom vel endog antager et Anstrøg af eggende Overmod». Han kan vera tankelaus i slike høve og gjera eller seia ting «som har skaffet han mer end een Uven og forvoldt ham mere end een Ubehagelighed», men dette «smerter dog ingen dybere end ham selv.» At denne faste og strenge skulemannen og er ein mann med hjartelag, har vi mange døme på; han har ein hug og ei evne til oppgløding som ofte minner om Henrik Wergeland, som han alltid hadde stor samhug med. Og som Wergeland er han all sin dag ein «folkets søn, født av dets trang mod lys og lighed». Ein stor idealist og humanist og fedrelandsmann, men ein praktisk realist i gjennomføringa av alle sine tiltak; han er ei stor administrativ kraft. Det heiter så ofte i nemnder og andre fellestilltak som han var med i : Bugge tok på seg å gjera det. «Rektor F. M. Bugge var jo Hoveddrivhjulet» (A. Lange). Han var alt frå studenttida hard med si helse, som elles aldri var god, og sleit seg altfor tidleg ut. Der ånd møtte ånd, fann han største gleda, var helst noko kræsen og kravstor. Men han var og ein festmann og fann stor hugnad, altfor stor dverre, i rike veldekte selskapsbord anten det meir var her i byen eller ved sine mange og lange opphald i Oslo og i utlandet. Han var «en Vinding for ethvert selskab» seier ein av biografane om han (Erichsen). Jamvel om Bugge alt i samtida vert sett på som «en meget mærkelig Mand», er han likevel så lite kjend blant folk flest i dag, også her i byen, at det er grunn til å gjeva nokre konkrete og reint leksikalske opplysningar om han, før eg nærare greier ut om dei ting som serleg gjer at han til fullnads fortener den heider vi syner han her i dag.

Frederik Moltke Bugge er fødd 23. september 1806 i Trondheim, hit faren eit par år før var komen som biskop. Foreldra var tidleg klåre over dei uvanlege evnene til Frederik, forresten yngstebarnet i ein syskenflokk på 11. Iser faren trudde stort om han — dei vart heile livet svært gode vener — og heldt han

fram for dei hine borna. Han vart endåtil ein godgut for sjølve prins Christian Frederik då han var i Trondheim i februar 1814 — som kjent var prinsen og bispen nære vener. Ludvig Daae fortel jamvel at det finst eit brev i det kgl. arkiv i København til prinsen frå 8-åringen Fredericus Moltkus, — underskrifta peikar mot den seinare så store latinaren! Få stader brann den norske sjølvstendeelden sterkare i åra kring 1814 enn i heimen til biskop Bugge, som og vart kalla til Eidsvoll under riksforsamlinga som personleg rådgjevar til prins Christian Frederik. Det er grunn til å merka seg dette, for når vi ser kor norsk og nasjonal vokster Frederik fekk etter kvart, er det ingen grunn til å tvila på, når det gjeld han som t. d. Wergeland, at 1814-hendingane gav honom ein vigsel for livet.

Frederik Bugge vart student med fin-fin laud i 1823, nr. 3 av studentar for heile landet det året, og det endå Trondheim katedralskole nett no var midt oppe i ein forfallsperiode. (Karakterane hans var: godt i latin, utm. godt i gresk og hebraisk og m. godt i dei 9 andre faga). Han fullførde filologisk embetseksamen med utmerking og innstilling i juni 1829, nett i dei same dagane Henrik Wergeland tok teologisk embetseksamen. Prof. GEORG SVERDRUP, den framskotne sjølvstendemannen frå 1814, var Bugges kjæraste lærar, ting som og fortel oss noko om den veg Bugge kom til å gå seinare i livet.

Del vart rekna for sjølvgeve at Frederik Bugge skulle bli universitetslærar, og han studerte vidare filologi eit års tid, men vart så konstituert som overlærar ved Oslo katedralskole sumaren 1831; alt ut på hausten same året vart han likevel sett til styrar av den lærde skulen i Stavanger, der han var i 2½ år, og som han «i den korte Tid, trods en temporær mislig Helbredstilstand bragte fra en temmelig daarlig Forfatning paa en meget god Fod» (Løkke). Han var svært streng — som det hørde seg ein ung rektor på 25 år. Endå så uvanleg dugande lærar han var, fortel ein av elevane hans frå Oslo katedralskole (V. Gedde), jubla og dansa dei av glede då han fór til Stavanger; «med sit urimelige og tyranniske Væsen var han alt andet end avholdt av elevene.» — Då broren Søren Bruun Bugge i 1833 vart rektor i Oslo, vart plassen hans som professor i latin ved Universitetet ledig, og han opplevde då den store æra at sjølve Det akademiske kollegium oppmoda han til å søkja dette embetet, førebels som lektorat. At freistinga var stor, er sjølv sagt: Her låg vegen fri og open inn i det vitskapelege liv. Men trass i heile hans naturlege vitskapelege legging må kall og krefter på ein reint forunderleg måte ha drege han mot skulen, der han alt no må ha

sett den store livsoppgåva si. At faren, bispen, gjerne ville ha han til Trondheim, har ikkje vore avgjerande. Han let Universitetet fara, og valde å bli rektor ved Trondhjems lærde skole, som nett då vart ledig etter hans eigen gamle rektor, magister Engelbrekt Boye, no ein olding på 79 år.

Bugge fikk si embetsutnemning 12. september 1833, men overtok rektoratet fyrst etter sumarferien 1834. Bortsett frå ei lengre utanlandsreis som statsstipendiat til Tyskland og Frankrike for å studera skulestell i 1836-37 og eit 2½ års opphald i Oslo fyrst i 1840-åra som medlem av den store Riksskulenemnda og seinare av ei anna nemnd («Revisjonsnemnda») til å revidera «Rigets Undervisningsvæsen», ofra han si rike arbeidskraft fyrst og fremst på Katedralskolen og Vitskapselskapet heilt til han etter søknad fekk avskil i nåde 30. juli 1851. Han flytte 23. sept. same året til Bergen med huslyden sin, men døydde alt 2 år etter, 9. juni 1853, berre 47 år gamal. I Vitskapselskapet vart han vald inn alt året før han overtok embetet sitt (30-12-33) og vart preses frå 29. mars 1838. Det bør og nemnast at han i tida 1843-51 var med i formannskap og bystyre og i åra 1844-45 og 1849-50 var ordførar i Trondheim. For si talentfulle utgreiing om sachsisk skulestell fekk han gullmedaljen *Virtuti et ingenio* av kongen av Sachsen i 1840, og 3 år etter, 37 år gamal, vart han av Karl Johan gjord til Riddar av Vasaordenen.

Dette er dei ytre drag i rektor Bugges liv. Det lyder ikkje så ille, like vel nådde han ikkje det hans hug trådde etter, og det hans flotte nådegaver spådde for alle og fekk han sjølv til å drøyma om i yngre år. Trass i at han kom til å setja djupe far etter seg i vårt pedagogiske liv og vår nasjonale framvokster, er det noko sårt tragisk over at desse friske evner ikkje fekk lukke og lagnad til å bera sin mann til topps, som den førar og nyskapar av all skule han måtte kjenna seg fødd til. Men hans livsgjerning er likevel storfelt på fleire omkverve.

I åra kring 1800 — inspirert av opplysningstida sine idear — vart det gjort viktige vedtak til nyskiping av den lærde skulen; hertug FREDERIK CHRISTIAN AV AUGUSTENBURG og rektor og professor, filosofen TRESCHOW var hovudmenn i dette arbeidet. I tida 1799-1809 vart nyskipinga gjennomført i samsvar med den endelege føresegna frå 7. nov. 1809, både i Oslo, Bergen og Trondheim. Det vart ein fastare administrasjon. På toppen i båe rika fekk vi ein direksjon for universitetet og dei lærde skulane på 3 mann; på skulestaden eit forstandarskap av magistrat, sokneprest og rektor, og endeleg til overkontroll Eforatet, d.v.s. bispen

og stiftamtmanden. Det var alt eit slagord at skulen skulle vera nyttig; difor fekk nye fag plass ved sida av dei gamle klas-siske måla, om endå ikkje så mykje som ein skulle ha venta, for nyttetanken fekk nett no eit sterkt motdrag i nyhumanismen. Dessutan er alltid gamal tradisjon hard å bryta. Men ved sida av latin, gresk og hebraisk — det siste faget ikkje for alle — fekk no morsmål, historie og geografi ein viss likerett, og nye fag vart tysk, fransk — og tildels engelsk — og likeins mate-matikk og naturkunnskap. Lærarane vart embetsmenn, rektorar, overlærarar og adjunktar. Dei skulle ha serleg fagutdanning og vart faglærarar. Det skulle bli slutt på klasselærarar og «høre-re». Skuletida var 8 år bytt på 4 klasseteg, 7 t. dagleg skule. Klassane skulle ha sine faste klasserom. Det vart skikkelege ti-metabellar med obligatoriske friminuttar mellom timane. Sumar-ferien vart fastsett til 14 dagar, dei andre feriane omlag som sei-nare. Her er mykje nytt og godt, også det at skulen vart løyst frå kyrkja. Han skulle ikkje lenger berre førebu til presteutda-nning og anna embetsutdanning, men skulle og gje horgarkunns-kap til dei som hadde råd og høve til å nytta skulen. Dei kyr-kjelege gjeremåla til elevane, den såkalla «songoppvartinga» t.d. vart det slutt med — tilsaman hadde desse redusert skuletida til berre ei 150 fulle skuledagar i året. Berre dette siste var såleis ei svært viktig og verdfull reform. Men det førde med seg store pengetap for skulane; innkomene av sangoppvartinga berre ved Trondheim katedralskole var 280 spd. for året, difor fastsette regjeringa eit vederlag til skulen på 212 spd. årleg, — ei inn-kome som er fast på Katedralskolen sitt budsjett framleies. Eg nemner dette siste som eit delikat lite døme på kor tradisjons-bundne vi menneske kan vera, og ikkje minst vi skulefolk. Og på ein slik bakgrunn skjønar ein og at gamle rektorar som ROSTED ved Oslo katedralskole og BOYE i Trondheim, med all vyrndad for dei som skulemenn ut frå deira tid, ikkje kunne bli serleg kraf-tige til å gjennomføra føresegnene frå 1809, og at skulen mykje var som før då dei to rektorane Søren og Frederik Bugge avløyste dei på kvar sin stad i 1833. Rosted var då 82 år og Boye 79. Det vart nok å gjera for to så unge og uvanleg initiativrike og du-gande menn som dei to rektorbrørne Bugge, — i Bergen kom den unge rektor HANS HOLMBOE — elles dimittert av rektor Boye — til å gjera ei liknande gjerning frå 1825. Utnemninga av Holmboe fortel elles sterkt om hovudvansken ved nyskipnaden: skorten på faglærde folk i skulen, folk som kunne fylla dei nye krava og undervisa i dei nye faga føresegnene frå 1809 kravde. Den nye Bergensrektoren var sjølv berre filologisk student. Oslo-

rektoren Bugge var den fyrste filologiske kandidat frå vårt unge universitet. I det deile er denne tida omkring 1830 eit viktig skif-te i den lærde skulen nett avdi så mange unge evnerike skule-menn løyser av fleire overåringar, — ein ting som mest er vik-ligare enn sjølve føresegna.

Mange verdfulle framsteg og mykje ny pedagogisk ånd i neste 40-årsbolken omformar skulen sterkt endå ny lov om det høgre skulestellet fyrst kom i 1869. I 1830-40-åra er Buggebrørne, då iser Frederik Bugge, dei leiande skulemenn; i dei neste 20 åra er det Frederik Bugges elev, HARTVIG NISSEN, student frå Katedral-skolen i 1835, som mest kjem til å merkja skulestellet vårt, og kanskje varigare enn nokon annan norsk skulemann.

Frederik Bugge har skrive ei mengd om skulespørsmål; berre hovudverket hans, om skulestellet i fleire tyske statar og i Frankrike og «Ideer til en Reorganisation af det offentlige Skolevæsen i Kongeriget Norge», er på 3 band på tils. 1200 s. Elles er det hundrevis av sider i bøker og skuleprogram og skule-nemndinnstillingar, alt i alt det reine pedagogiske skattkammer. Her møter ein ein pedagogisk kunnskap som er noko uvanleg; Bugge fylgjer heile sitt liv levande med i alt han kan koma over av pedagogisk litteratur ute og heime, er open og levande fram-for alle spørsmål, men kritisk, klår og fast i si dømekraft. Hans skulesyn botnar i ei djup og heil overtving om at all opplæring til kvar tid er avgjerande for trivnaden til individ og samfunn, eller som han sjølv ofte noko stutt seier det: «Skolen er Statens Hjærte.» Men han vil ikkje ha eit mekanisert «hjær-te», men eit hjærte som tilfører alle samfunnsorganismar ny og levande kraft til kvar tid. I sitt fyrste større arbeid «Om de Hindringer, der i vore Dage fornemmelig møde de lærde Skolers Virksomhed» 1835 — desse hindringar er fyrst og fremst den nye realistiske tidsanda — gjev han i røynda eit svar til her-rane A. M. SCHWEIGAARD og kaptein HERMAN FOSS, som i åra 1832-33 hadde hyrja ta til orde for ein meir praktisk nytteskule med sterk avgrensa opplæring i dei gamle klas-siske måla. Bugge ser det som ein større kulturfåre å fylgje så strenge nytteom-syn; det øydelegg vår ideale natur og all sann humanitet som må «være Formaalet for al Videnskabelighed» også. Begge Bugge-brørne er sterkt religiøse naturar — Oslo-rektoren tok jamvel teologisk embetseksamen i 1847 og gjekk stutt tid etter over i prestestilling — men dei taper aldri feste i jorda, slett ikkje Frederik Bugge. Han held korkje med dei som berre tenkjer på eit liv etter døden, dvs. «Sværmere», foragtende det Endelige over det Uendelige med Blikket stirrende mod Phantasien Land

indrettet Skole». No ser han fullt ut «Usselheden i Realistenes Skraal.» — Dei fleste av oss har utan vidare akseptert den realitistiske utviklinga i norsk skule, men eg torer minna om at ingen ringare enn Fridtjof Nansen, i sitt kjende foredrag i 1900 om «Karakter og idealitet», held på synsmåtar som fell heilt nær opp til Bugge. Både meiner dei at «nytteskulen» øydelegg idealiteten i ungdommen. Nansen forsvarar jamvel latinopplæringa — berre ikkje ut frå så gjennomdjup forståing av kva det gjeld som Bugge. Og idag er liknande synsmåtar tekne oppatt på nytt av mange åndsmenn både her heime og i utlandet. Bugge var ein idealistisk og sterk natur — ein romantikar, romantikar av lynde kanskje meir enn tidsmerkt, men han var samstundes ein drivande og praktisk arbeidsmann, i skulen, i by- og landspolitikken og som preses i Vitskapselskapet. Ein livsnær idealist, kvass logisk i tankeføring og grunngeving.

Denne fyrste skulestriden hans — det vart nemleg eit større ordskifte — saman med kjennskapen til hans praktiske føresetnader som skulemann og evnene og kunnskapene hans elles, auka hans vurdning og peika han ut som den rette mannen for riksstyret til å studera skulestell i utlandet, eit heilt år. Han har mange oppgåver og mål — det nyttar ikkje få nemnande med i dette foredraget — men hovudtingen, Bugges pedagogiske kongstanke, skal vi minnst her i dag og i vårt skulestev i det heile; berre 30 år gamal ber han den fram i stipendsøknaden sin i 1836: «Efter min Formening bør et Lands hele Underviisningsvæsen — lige fra Almueskolevæsenet indtil Universitetet — betragtes som et sammenhængende organisk Heelt. De enkelte Dele af det Hele vil først da svare til deres Bestemmelse naar de forenes efter en harmonisk ledende Idee.» Denne heilskapstanken, ei planfast samla oppbygging av all norsk skule, der alt vert sett i samheng, er ikkje nett nokon original ide av Bugge, — han har den helst frå prøysisk eller kanskje fransk skulelovgjeving. Stordommen til Bugge er at han vil gjera denne ideen til røyndom; han har storsynet, ser korleis «alle de Kræfter, Staten har at uddele til Underviisningsvæsenets Befordring» då kan «frit sættes i Bevægelse, og virke til deres fælleds store Maal.» Denne tanken ligg som ein fager draum attom alt hans arbeid for norsk ungdom og norsk skule. I stipendsøknaden sin seier Bugge, at skulen «har i en Række Aar været Yndlingsgjenstanden for al min Stræben, i Theori og Praxis.» Det er ingen tvil om at så var det, og på høgste hald, i Kyrkjedepartementet og på Universitetet, er dei samde om at rektor Bugge «i fortrinlig Grad» har alle eigenskapar som trengst hjå ein mann til å løysa denne oppgåva. Både

— og ei har Kraft og Mod til at gaae den Jordlivets Kamp i møde», eller den jordbundne nyttestrevande realisten. «Mellem disse staaer Mennesket i Ordets ædle Betydning. Mennesket, dannet i Humanitetens Skole.» Bugge hermer her ord av den franske filosofen og undervisningsministeren Cousin, som han eit par år etter fekk den beste skuleorientering av i Paris: «Et Land, som vil være frit, maa være opplyst, — eller dets bedste Tendentser blive det farlige.» Og ordet opplysning for Bugge er mykje meir enn kunnskap, det er sokratiske opplysning, det er og det Grundtvig kallar «sand Oplysning», det er oppseding til «Menneskelighed i Ordets ædlest Betydning.» Det er berre menneske som er frie og rike i seg sjølve, som kan skape frie statar og frie folk. Det klassiske studium i skulen er ei heilt naudsynt motvekt mot den nye nytte-realismen, og «at en saadan realistisk Tendents i Norge er almindelig staaer ikke til at nægte». Det er farleg berre dette at «realistane (slike som Schweigaard-Foss) undergrev «en sand og dyb Agtelse for dette Studium» hjå både lærar og elev. «Hos Læreren maa denne Agtelse være selvstændig: den maa udspringe af en levende Overbevisning om dette Studiums høye Værd». Einast då skulle den «kunne besjæle Læreren med den Kjærlighed for sit Kald, den Følelse for dets høie Betydning, uden hvilken selv den allerstrængeste Retskaffenhed, den aller utrætteligste Arbeidsomhed berøvet sit belivende Princip, saa let lammes og taber den Frieskhed, der ligesom ved en Symphati skulde elektricere Discipelen.» Det er ein hovudting i Bugges skulesyn, hans kamp for klassisk studium i skulen mot den direkte nytteskulen andre i tida tok til å arbeida for, eg stutt har freista syna. Det skapte tilslutt ei sterk motstandsmakt mot han, som frå midten av 1840-åra sette han utanfor førarskapen i norsk skulepolitikk. Han svikta ikkje ein augneblink si overtvinging av opportunistiske grunnar. Det som i røynda er eit djupt menneskeleg kultursyn hos han, gjer mange berre til eit språksyn. Han var ikkje så einseitig som han ofte vart framstelt. Og samstundes som han var overttydd klassikar, hadde berre få sterkare nasjonale interesser. Han stod heller ikkje aleine i samtida med dette såkalla konservative synet på verdet av dei klassiske måla. Dei fremste fagmenn på universitetet studde honom, t. d. professorane Vibe og Holmboe. Rektor-brøren i Oslo, som hadde stått noko tvilande i spørsmålet, omvender han så heilt med skriftene sine at han kan skriva attende (1838) som sin «oprigtige Tilstaaelse at jeg finder den udkastede Plan aldeles fortrinlig, og at Hjertet hoppede i Livet paa mig ved at tænke mig en efter den

snart ut av henne. Men i bladet hans, «Den Constitutionelle», fekk Bugge eit av dei mest sjikanøse, men og eit av dei mest vel-skrivne overfall ein kan lesa i norsk presse, anonymt sjølv-sagt. Bugge visste å svara, — det var i Morgenbladet —; andre greip og inn og synt han fram som den fagnadmannen og idealisten han var. Under ligg den gamle Wergelandsk-Welhavenske kultur-striden og dei gamle motsetnader elles + den nye motsetnaden humanisme-realisme som var komen opp i skuleordskiftet. Dette spådde ikkje godt, og frå midten av 1840-åra kom Bugge, som alt nemnt, meir og meir utanfor. Men han hadde skapt eit peda-gogisk ordskifte og liv kring skulespørsmål som fekk — og har — varig verde.

Frederik Bugges meir praktiske arbeid i skulen — den rike lærebokforfattarskapen hans lyt vi diverre la liggja — er det berre ein dom om både i samtid og ettertid. I nekrologen over Bugge i 1853 fortel Jacob Løkke korleis den unge Bugge kom som eit friskt ver til Trondheim katedralskole: «Det vil vist være mange af hans Elever fra den Tid i frisk Erindring, med hvilket sandt Mesterskap den endnu unge Mand viste sig som Herre saavel over Kundskapsstoffet som over det Disciplinære. Man følte straks det nye Liv, som heller ingensinde senere under Bugges Bestyrelse forlød Skolen» — trass alt anna han vart overlest med — og som «nu hævede sig til at blive en Mønsterskole for det hele Land, paa samme Tid som Bestyreren gjorde sig fuldkommen fortjent til Navn af Landets første Skolemand.» — Di meir ein grankar Bugge, di sterkare kjenner ein at dette er sanne ord. I tillegg til sine rike evner elles hadde han og ei mektig arbeids- og konsentrasjonsevne. Trass i all sjukdom som plaga han, var han eit arbeidsjarn. Ein morosam illustrasjon til både den unge og eldre Bugge finst i elevprotokollen frå skuletida hans. Rektor Boye skriv om unge Frederik: «Meget gode Naturgaver, men Flittigheden ikke saa stor.» Rektor Bugge har tvillaust smilt godt til denne merknaden då han sjølv fekk protokollen i hende, og i ei litt uvyrdn glede har han sett til desse to orda: «s o m s i d e n». Ikkje minst skuleprotokollane syner korleis det med ein gong er komen ei ung fast hand i leiinga av skulen. Han vil ha mest mogleg lærarsamverknad og størst mogleg einskap i plan og metode i det daglege skulearbeidet — dette er hans egne ord berre eitt år etter han har overteke Katedralskolen. Han sjølv er tydeleg primus motor, men likevel berre som primus inter pares: han styrer alt skulearbeid og alle fag til å tena eitt og same mål: ei fast opplæring og oppseding, som ikkje veikjest ved at kvar lærar og kvart fag berre har sine serlege mål. I smått og stort var

samtid og ettertid godkjenner og at han gjorde framifrå godt arbeid. Hovudverket hans, iser det 3dje bandet om «Ideer til en Reorganisation af Skolevæsenet» — i 1848 kallar han det sin «pedagogiske Troesbekjendelse» — fekk store lovord også i utlandet, i Sverige, Danmark og Tyskland iser. I Danmark vart det og utnytta beinveges i liknande reorganisasjonsarbeid av skulen. Dette bandet (3) har 4 hovudbolkar: Om skulestellet vårt i det heile, om dei einskilte skuleslag, om tilsynet med skulestellet, der han vil ha eit riksundervisningsråd med sakkunnskap og oversyn for å bøta på det verste i skulestellet vårt: «dets totale Mangel på organisk Enhed», og om lærarstandet, krav til det, utdanning, arbeidsvilkår, løn. Skikkeleg løn som skaper «et sorgfrit Sind» og arbeidsglade lærarar ser han som ein sers viktig ting, skal det bli dugande folk i skulen.

Sjøelve skulen vil han, stutt sagt, ha skipa såleis: 1. Særskilte Almueskoler for den lavere Folkeskole paa Landet og i Byerne — frå 6.-14. år. 2. Almindelige Elementarskoler, som fælleds Grundskoler for de tre øvrige Borgerklasser», frå 6-10 år. 3. Almindelige Børger-skoler, som særegne Dannelsesanstalter, beregnede efter den lavere, reent praktisk industrielle Borgerklasses Tarv» — til 14 a 15 år. 4. «Lærdeskoler for den høiere ideale Retning i Almindelighed» og som førebuingsskular for embetsstudium ved Universitetet — til 18 år. 5. Høi-Børger-skoler — for den høiere praktiske spesialdannelse eller det høiere praktiske Liv i Særdeleshed» — til 16-årsalderen. For å gjera skulen praktisk og billeg, har han fleire utvegar til å kombinera ulike skular.

Det som serleg slår ein når ein les om skulesynet hans, er kor «moderne» det er. I planane hans er det kanskje mest som minner om engelsk skule i dag. — I samsvar med synet sitt på den lærde skulen fekk han, seier han i 1839, «den herværende lærde Skole» mykje nyskipa etter ein plan utarbeidd «i en Række Møder mellem Skolens samtlige Lærere». Departementet gav han bra frie hender til prøvedrift — og broren i Oslo står i fast brevkifte med han og byggjer Oslo katedralskole mykje etter same mønster. Og i tida frå 1839 til 1845 er han med som drivande kraft i nemndene til å skapa ei storstila riksskulelovgjeving. I denne Oslotida (frå januar 1840 til mai 1842 iser) skipa han og var den levande krafta i Pedagogisk-Philologisk Forening, der han fekk ærestitelen «Rector Magnificus». Men han har motmenn, iser Schweigaard og dei andre «juristane», «troppistane» frå Wergelandstida, mange av dei leiande menn i statsstyriminga no. Schweigaard var og frå fyrsten med i riksskulenemnda, likte seg lite og gjekk

han på ferde. Ein udisiplinert elevflokk måtte nådeløst bli fine gutar på stutt tid. Den åtteårige skulen fekk 5 klassar istadenfor 4 alt fyrste året. Skulen fekk fine nymåla klasserom og nypussa inventar, og det er til ære for disipline, seier han stolt to år etter, at det på denne tida sidan «ikke er gjort den mindste Rift eller nogensomhelst Beskadigelse hverken paa Vægge eller Borde.» Han freistar, elles fåfengt, å få det militære til å låna ut litt av sin ekserserplass, så elevane kan få meir tumlerom i friminuttane, han hjelper pedellen til betre hus og større løn, m. a. 15 spd. i tillegg når året er ute, om han er nøgd med arbeidet hans. Lærarane hadde før mykje forsømt timane sine og var upresise; knapt nokon dag las dei det fastsette timetal. «Mangen Anordning maatte gjøres, som skurret baade i den enes og i den andens Øre», men om få dagar «forsikret baade Lærere og Disciple og Forældre, at de fandt sig langt mere tilfreds end tilforn.» Kroppsleg refsing, med spanskroyr av pedellen, vil han naudleg nytta, men skal det fyrst til, skal det vera tilgagns, er han og lærarane vortne samde om. Gamle overlærer OTTO THOTT FRITZNER, Bugges eigen lærar og den beste krafta i skulen i mange år — bysten og biletet hans finst båe her i salen — fann likevel det nye styret for stramt og tok avskil i 1838. Møtsetnaden var likevel ikkje større enn at Fritner var fast gjest i Buggeheimen i Oslo-åra 1840-42. Elles synest rektor Bugge heile tida å stå på god fot med lærarane sine både på skulen og i samarbeid utanfor, t.d. i Vitskapselskapet, som dei fleste vart innvalde i. Samarbeid er meir enn ord for han. Han innfører faste lærarmøte og skuleråd og bøyer seg sjølv sagt for fleirtalsvedtaka; mange gonger har det synt seg etterpå at han hadde urett og dei rett, seier han. Dei er svært nyttige desse møta, skriv Bugge. Her kan dei drøfte både elevane og fagleg-pedagogiske spørsmål. Saman skapar dei ein ny skuleplan. Rektor Bugge er den fyrste i landet som innfører klassestyrar-skipnaden. Klassestyrarane får dei same viktige oppgaver som i dag. Lærarane får dermed meir å seia og elevane betre tilsyn. Ei seroppgåve for dei alle var det å skapa kontakt mellom skulen og heimane. Jamvel noko så «moderne» som å sjå om elevane heime, vart praktisert, også av Bugge sjølv; men han vedgår at både han og medlærarar ofte vart trøytt av desse vitjingane. Elevane låg han støtt på hjarta; han får redusert skuletida til 5-6 timar dagen for 7 t. før, gjennomfører månadslovdagar, arbeider for 5 vekers sumarferie i staden for 14 dagar, førebur overgangen til berre føremiddagsskule, innført av eleven og ettermannen hans, rektor CARL ARNOLDUS MÜLLER, like sterkt humanistisk i sitt skulesyn som Frederik Bugge — og som hans ettermann

att, rektor PETERSEN, også Bugges elev. Helse og trivnaden til elevane dreiv Bugge jamt til nye tiltak. Han får innført song og gymnastikk som nye fag straks han vert rektor, han organiserer samarbeid med foreldra til å få ende på den skadelege røykinga dei fleste driv, og han innfører sjukesetlar, faktisk slik vi har dei i dag, for at både heim og skule skal vita til kvar tid at alt er i orden med eleven. Jamvel ein ting som månadskaraktarar er frå Bugges tid. Og fattige evnerike born hjelper han til stipend og friplassar meir enn før. Hans røynsle er at «de stadigste og flittigste og derfor til Studeringer i det Hele mest oplagte Discipler afgives af den fattigere Klasse.» For utanbys elevar innførde han ordninga med føresette, med tilsynsplikter som foreldre. Og alt i 1836 skapte han eit Disciplebibliotek ved sida av skuleboksamlinga for å skaffa elevane verdfull lesnad i staden for bøkene frå «de for Aand og Hjerte i den Alder lige fordærlige Leiebibliotheker». Elevane var med å skaffa pengane sjølv, serleg dei to øvste klassane, og dei styrte boksamlinga sjølv og — eit nytt pedagogisk innslag. For å få det rette biletet av skulen og arbeidet er det ikkje utan interesse å vita at det samla årlege elevtalet på den tida var 50-70. Medeltalet på studentar årleg var 5; av 86 studentar i Bugges tid — det er elles mindre enn ein årgang på Katedralskolen i dag — fekk 5 laudabilis preseteris, 75 laud, 6 haud, ingen stryk. Både Bugge og lærarane sette store krav ved dimitteringsprøvene.

Rektor Bugge fortener visseleg æresnamnet den fremste skulemann i si tid. Det fekk han og høyra frå ulike hald. Biskop Neumann i Bergen, på vitjing i Trondheim i 1846, ynskte jamvel i klassen Bugges meisterlektianar det året tillukke med at «de havde Landets første Pedagog til Rektor.» «Overhovedet har Bugges hele Virksomhed Vidne om, at han var en Mand for i Livet at gennemføre de Grundsetninger han med saa megen Genialitet havde forfægtet med Pennen» (Løkke, III. Nyhedsbl. 1853). Men skule- og folkeopplysningsarbeidet hans nådde vidare, også til folkeskulen og bygdene. Han var ein hovudmann på det fyrste store lærarmøtet i Trondheim i 1850, var med i råd og dåd; det vart òg halde i denne salen. Lærarutdanninga låg han sterkt på hjarta, såleis Klæbu seminar. Styraren der, HANS JØRGEN DARRE, bisp i Nidaros bispedøme frå 1849 og Bugges ettermann som preses i selskapet vårt, var ein av Bugges nære vener og fekk sjølv St. Olavs Orden «for Fortjeneste af Undervisningsvæsenet». Skulde ein lærar gjera gagnsarbeid, laut han ha løn så han kunne leva. Det skal minnst at i det siste bystyremøtet sitt, 28 mai 1851,

fekk Bugge drive igjennom betre løner — eit tillegg på 30 spd. — for folkeskulelærarane i byen. Det var mykje den gongen.

Hans samkjensle med folket er heil og ekte. Men iser hyller vi rektor Bugge her i dag for arbeidet hans i og for Vitskapselskapet — og for norsk vitskap og åndsliv i det heile. «Den samme rastløse Iver og Virksomhed som udmærkede Bugge i de øvrige Forholde, udviste han ogsaa her (i Vitskapselskapet). Og Selskabet regner maaske de lyseste Punkter i sin Historie fra Bugges Præsidium» (Løkke, 1853).

Her i Vitskapselskapet vart Bugge som nemnt, innvåld straks før han kom til byen i 1833, og alt i fyrste samla møtet han er med på, 27 sept. 1834, og i klassemøtet nokre dagar etter, er han ein aktiv og interessert medlem. Til filosofisk prisoppgave var oppsett: «Hvad er en Stats høieste Formaal?» Her vert det opplyst, truleg av Bugge, at dette emnet alt var handsama i ei serskild skrift, var såleis mindre høveleg; difor valde «Classens mødende Medlemmer efter Forslag af Hr. Rector Bugge: «Hvorvidt og hvorledes kan Fornuften bringe den menneskelige Frihed i Overensstemmelse med Guds Alvidenhed?» Denne oppgåva ligg elles svært nære den vidgjetne oppgåva oppsett to år etter: «Kan Menneskets Frihed udledes af dets Selvbevidsthed?» som ingen mindre enn Dr. ARHTUR SCHOPENHAUER — ho var og gjeven på latin, visseleg av Bugge — fekk selskapet si fyrste gullmedalje for. Det skjedde på høgtidsdagen 26 jan. 1839, protektoren Karl Johans fødedag. Bugge var året før vorten preses i selskapet, vald med stor tilslutning, 17 røyster, — visepreses vart hospitalsprest STORM, som fungrer mest heile Bugges tid — med 5 røyster, elles ein god medarbeidar for Bugge i mange år. I 1843 vart Bugge attvald samrøystes, frårekna hans eiga stemme, og nytt attval i 1848.

Selskapet kjenner tydeleg Bugge som a c o m i n g m a n, ikkje berre her i byen, men i norsk andsliv og politikk i det heile. Hans studiereiser i utlandet, dei digre pedagogiske skriftene hans, hans gjetord som praktisk skulemann og den elegante og intelligente måten han administrerte og greidde opp i sakene på — alt lova stort for framtida, håde for hans eiga og selskapets si. Og for selskapet vart det òg ei stortid. Det skal vera vanskeleg å finna ho betre i selskapet si historie enn dei 12—13 åra han var preses, til han sumaren 1850 melde seg ut or selskapet som den einaste utvegen til å sleppa frå alt arbeidet, enda så kjært det har vore honom gjennom åra.

Bugges utmeldingsbrev lyder (journalisert 3. juli 1850):

«Mine øvrige Forretninger tillader mig dessværre ikke længere at fungere som Præsæs i Det kgl. norske Videnskabs Selskab, og, da saadan Funktion efter Statutterne ikke kan undgaaes, medmindre den Fungerende udtræder af Selskabet, saa foranlediges jeg heraf til at udmælde mig som Medlem af Samme, idet jeg af ganske Hjerte udtaler Ønsket om alt muligt Held for denne Institution, den, det troer jeg at kunne sige — i en lang Række af Aar har været omfattet af mig med oprigtig Interesse.»

Når ein les dette, lyt ein hugsa at Bugge også har mykje å gjera som Trondheims ordførar ved sida av skulen. Likevel, ein viss friksjon ligg helst attom.

Bugges namn er knytt til mange store tiltak i Vitskapselskapet med varig verde i desse åra. Høgtidsdagen i 1839 er liksom den store innleiinga — det var ikkje så lite berre det å hjelpa fram sjølv Schopenhauer, enno ingen profet i eige land ein gong, og det trass i at det alt var 20 år sidan hovudverket hans, «Die Welt als Wille und Vorstellung», var utkome. Schopenhauer takkar hjarteleg, også for medlemskap (i 1838) i selskapet. «Eg vil støtt arbeida på å syna meg verdig til denne heideren.» Og han legg til med geniet si sjølvkjensle: «Eg går alt i mitt 52. år, og har enno ikkje vunne den godkjenninga som eg sant å seia fortener.»

Det vitnar håde om vidsyn og stor gløggskap hos rektor Bugge at han såg Schopenhauers genialitet i denne prisoppgåva og våga slå eit slag for han. Det måtelege oppdagar aldri det geniale. Noko nervøs var Bugge likevel for eventuell kritikk frå motmennene i den gamle intelligenskrinsen i Oslo — det er då berre stutt tid sidan teater- og kulturstriden om Wergelands stykke «Campellerne», som Bugge fylgjer med i pr. brev —, og Schopenhauer var ikkje berre original, men absolutt ukjend for dei. Men venen, professor VIBE, seier ironisk i brev til Bugge at sidan det gjeld filosofi og ikkje «Bank- eller Pengevæsen», kan han kjenna seg trygg for åtak frå den kanten. Elles har Vibe «hørt disse Folk med den uforligneligste Haanlatter omtale Videnskabernes Selskab i Throndhjem — — — som gaves der i den hele komiske Verden intet latterligere.» — Fyrst når ein t.d. les W. GWINNERS bok «Schopenhauer's Leben», skjønar ein fullt ut kor veldig viktig denne påskjøninga frå selskapet vårt var for han. Takksemda hans i takkebrevet er langt meir enn frasar. Og Bugge og selskapet sin heider veks stort når ein samstundes hugsar på korleis Det danske Videnskabers Selskab året etter heilt underkjende — med dosent, seinare biskop MARTENSEN i brodden — Schopen-

hauers svar på ei liknande prisoppgåve der: «Über das Fundament der Moral», også eit verk av varig filosofisk verde.

Sjølvs held Bugge festtalen om «Den constitutionelle Statsform betraktet i dens Forhold til Samfundets høiere Interesser», prenta i selskapet sine skrifter og referert i Trondheimsblada, der talarer får ros for innhald, form og framføring. Han er klår og måtehalden og idealistisk som vanleg i synsmåtane sine, ein liberaldemokratisk politisk tenkjar, som veit at staten er til for folket, og finn at det avgrensa monarkiet er tryggaste ramma for høgare folkevokster. At han til slutt lyt yta kongen ein høvele tribut i tida si ånd, er sjølvsagt.

Ein kan ikkje her nærare fylgja selskapet si verksemd i detalj, frå møte til møte, endå så mykje interessant stoff ein må la liggja, men vi skal samla det heile i nokre hovudpunkt. Fyrst vil vi likevel streka under at Bugge, jamvel når han er i kommisjonsarbeid i Oslo, har førarskapen, og det er ei rikt brevskrifte om dei ymse sakene mellom han og dei leiande mennene elles i selskapet, altså visespreses, STERN, *klasseformennene* stiftamt-mann ARNTZEN og sokneprest HENRIK ANGELL (til Vår Frue kyrkje), og då iser sekretæren, assessor i stiftsverretten og diktaren CONRAD NICOLAI SCHWACH. Schwach var nok den som stod Bugge nærast av desse. I eit brev frå Maurits Hansen til Schwach kan vi sjå, at han jamvel har forært Maurits Hansen eit bilete av Bugge, som han er glad for og finn er svært likt honom. Endå meir seier Schwachs brev beinveges til Bugge — med slike overskrifter: «Min me g e l t k j æ r e Bugge»! — og med slike ord: «Det kan Du lide paa, at efter din Fader og Moder er der i Trondhjem I n g e n der holder mere af Dig end jeg.» Slike veneord fortel mykje om sjølve mennesket Bugge.

Sjølvsagt må ein jamt minnst at framskotne menn ofte set sine medhjelparar i skuggen, gjer dei gjerne mindre enn dei er. Men det er uråd å koma bort frå Bugges tydelege førarskap og kraftige initiativ i selskapet vårt desse åra. Ein har ikkje berre kjensle av, men studom prov for òg at det er jamvel Bugge som i hovudsaka avgjer kven som vert medlem i selskapet, og det endåtil før han vart preses og kunne fremja framlegga sine beinveges på direksjonsmøta. Alt før si store utanlandsreise i 1836/37, på siste møtet han var tilstades, vart 11 tyske og danske professorar innvalde i selskapet, alle etter framlegg frå Bugge — det vart endåtil gjort utan den vanlege drøftinga i direksjonen. I alt vart 17 tekne opp i 1836, i 1837 er det 9 nye medlemmer — då var Bugge for det meste borte, i 1838 vert han preses, då vert 22 inn-

valde, av dei 5 kollegaer frå Katedralskolen, og broren, rektor, professor Søren Bugge. Dr. Schopenhauer og den franske professoren Marmier — ein kjenning frå uanlandsferda, kjem òg med no. I åra 1840—42 er Bugge for det meste i Oslo i skulekommisjonsarbeidet sitt; berre 8 nye medlemmer får selskapet på 4 år — den eine er einaste artiumskameraten hans frå Katedralskolen i 1823, prestehistorikaren og sokneprest til Sparbu, A. ERLANDSEN. I 1843 er Bugge heile tida på plass, og då vert det ei påfylling i selskapet med i alt 40 nye medlemmer, av dei 14 frå Oslo, tydeleg etterverknad av hans eige opphald der, eit par nye kollegaer frå hans eigen skule gjev òg ein peikepinn (og to til i 1845). Mest forvitneleg er kanskje innveljinga av HENRIK WERGELAND, byråsjef, men i k k j e av universitetslektor i filosofi, J. S. WELHAVEN, endå 6 av dei 40 var frå Universitetet. Det vart sett på som ei ære jamvel i «intelligenskretsen» i Oslo i Bugges tid å bli medlem i selskapet. Welhavens berre 10 år gamle karakteristikk i «Norges Dæmring» (1834) av vårt «lærde Selskab» — som «den gamle Ko, der endnu ei har malket, der nu staaer blind og lam blandt Støv og Skimmel» — gjorde Bugge til dumt snakk, og Welhaven fekk røynta at gøynt var ikkje gløynt, der han stod att utestengd frå selskapet. — A. M. SCHWEIGAARD, den gamle motmannen, vert òg fyrst medlem i 1846, samtidig med FREDERIK STANG og prof. H. CHR. ØRSTED, København. — Wergeland og Bugge er ikkje berre vener, dei er åndsbrør med same storsyn når det galdt fedrelandet og framtida. «Du og jeg hører sammen!» skal Wergeland ha sagt ein gong til Bugge. Og Bugge svikta heller ikkje Wergeland i dei vanskelege åra kring 1840, då så mange — såleis sjølve bestevenen LUDVIG KRISTENSEN DAA — ville gjera han til «Fædrenelandsforræder». Bugge hadde såleis om våren 1841 vore føraren i forsvaret for Henrik Wergeland, då alle motmennene hans slo seg i hop om å stengja han ute frå leseselskapet «Athenæum» (Koht). Og Wergelands arbeid og idé om å skipa eit nasjonalfond «til fattige, haabelde Drenge Vidskabelige Opdragelse», det var ein kjær ting for Bugge å fremja både i skulenemnda og i Vitskapselskapet, vi tenkjer iser på Bugge — Ivar Aasen. Og han skaffa Wergeland stønad til å prenta den nye utgåva av «Skabelsen, «Mennesket», då han låg på siste sjukelega. Elles stod ikkje Bugge ukritisk til Wergeland. Han var for klår og kvass til det.

Som kjent arbeidde Vitskapselskapet på to frontar: 1) Det ofra tusenvis av spesidalar på det dei i samtida kalla «Landoeconomiske og industrielle Foretagender». Det var premiar og pengestønad. Berre på oppdyrkinga av Ustmyra på Leinstrand ofra det

1300 spd. Denne sida gav selskapet meir og meir opp i Bugges tid, såleis sjøve Ustmyra med, som det let Selskapet for Norges Vel ta over, karakteriserer jamvel dette tiltaket frå 1820 «som uden tvivl et misgreb af Selskabets daværende Direction». Premiar, 3650 spd. frå 1816—1844, til bønder og andre for gode praktiske forbetringar og tiltak stoppar òg opp. I staden kjem ei større og ei mindre gullmedalje for åndsverk, dvs. prisoppgåver. Den største fekk Schopenhauer og dessutan Harald Wergeland, ein yngre bror til Henrik, «Om de bestaaende Hindringer for Jordens hensigtsmæssige Opdyrkning i Norge!» Ei større og ei mindre sylvmedalje vart delt ut for meir praktiske tiltak. Gullmedaljene var svært sjeldne, ved sida av dei to større vart berre 4 mindre utdelt dei 10 fyrste åra; av sylvmedaljene var 50 større og 34 mindre utdelt til 1845; — som ein kuriositet og samstundes som ein illustrasjon på kor vidt selskapet nådde, kan eg fortelja at min eigen oldefar i ein avkrok i Romsdal fekk den store sylvmedaljen til selskapet i 1843 for dyrking av blautmyr og tilsåing av nybrotet med timotei.

Under Bugges presidium får selskapet meir og meir form som eit verkeleg vitenskapsselskap, som har «Videnskabeligheds Tarv» til sin «viktigste og fornemste Virksomhed». Dette sette igang og realiserte mange landsviktige vitenskaplege tiltak. Det gjekk fort attende såleis då Bugge vart borte. Nokre døme syner best den ærerike verksemda til selskapet i desse åra:

1) Selskapet stødde professor i geologi, B. M. KEILHAU med o. 1500 spd., av dei 200 spd. til geologisk studium av Langfjella, resten gjekk til utgjevinga av hovudverket hans, *Gaea Norvegica*, tida 1838—45.

2) Alt i 1847 hadde det sett av 2000 spd. til botanikaren, prof. M. N. BLYTT til å gje ut det store verket hans, *Norges Flora*, ferdig fyrst i 1861. Fyrste heftet kom i 1846.

3) Det hjalppte den unge merkelege granskar-presten MICHAEL SARS til å driva sitt zoologiske studium og få prenta arbeida sine, fyrst skriftet om sjødyra i 1835 med 100 spd. og så hans hovudverk «*Fauna littoralis Norvegiae*», fyrste heftet i 1846, med 600 spd. Det vart rekna for å vera eit av dei verdfullaste zoologiske arbeida i samtida. I breva til Bugge finst det hjartlege takkeord frå Sars, eit viskappleig geni om lag som Aasen, nett slike Bugge hadde serleg glede av å hjelpa.

4) Botanikarane NICOLAI LUND og NIELS GREEN MOE fekk i 1840-åra fleire gonger stipendium, tils. minst 400 spd. til botaniske reiser, i Finnmark og kring Jostedalsbreen. Dei arbeidde mykje saman med professor Blytt. Lund var elles ein filosofisk

herre med, og fekk den mindre gullmedalja for same prisoppgåve som Schopenhauer i 1839.

5) Lækjar og seinare konservator ved Bergens Museum JOHAN KØREN og seinare overlækjar DANIEL DANIELSEN fekk fleire gonger stønad, som regel 80 spd. året, frå 1845 til gransking av sjødyra — dei var vener av Michael Sars og heldt fram med hans etterrøkingar, medarbeidarar i «*Fauna littoralis Norvegiae*» også.

6) Stor stønad til professorane RUDOLF KEYSER og P. A. MUNCH til utgjeving av det gamle norske lovverket; 1250 spd. nytta til 1846, då fyrste bandet kom ut.

7) Frå Vitenskapsselskapet kom både ideen og pengane til utgjeving av riksarkivar (frå 1845, etter Wergeland) CHR. LANGE: «*De norske Klosters Historie*», opphavleg prisoppgåve 1841. I 1845—46 kom dei 3 fyrste hefta — til då var det gått med 240 spd.

8) I 1846 gjev selskapet den fyrste ytinga, på 175 spd., til utgjeving av *Diplomatarium Norvegicum*, dette hovudverket for all norsk-historisk gransking, ved riksarkivar LANGE og prof. C. R. UNGER. I åra 1847—61 kom dei 5 fyrste samlingane.

9) Til i 1847 hadde selskapet ytt 300 spd. til A. ERLANDSEN til arbeidet hans «*Biografiske efterretninger*» eller «*Prestbyterologie*», som det òg heiter i den tids mål, om prestskapet i Nidaros bispedøme. Dei to fyrste hefta kom 1844—45, ferdig fyrst i 1855. Dette verket, trass i einskilde mistak, har også vore ei viktig historisk kjelde for mange.

10) Selskapet kosta prenting av skriftet til visepreses STORM om «*Den norske Kirkes Ritual og Alterbog*», 100 spd.

11) Det kosta prentinga av assessor C. N. SCHWACHS skrift om «*Nordens Myntvæsen*», 80 spd. Schwach var ihuga myntsamlar; til slutt så overdrog han samlinga si til Vitenskapsselskapet, og ho er såleis grunnlaget for den store myntsamlinga Museet har idag. Schwach var sekretær i selskapet til han i 1849 flytte til Telemark som sorenskrivar. Bugge hadde ein mykje interessert og dugande hjelpesmann i han.

12) Stønad til H. WERGELAND, 100 spd., til prenting av «*Mennesket*», ein stønad som eigenleg låg utanfor statuttane; i 1860 fekk elles både VINJE, BJØRNSON og IBSEN ein del liknande hjelp.

13) Stønad til BERT MOES «*Tidskrift for den Norske Personhistorie*» I—II, 1840—50. Moe skriv i 1846: «*At Udgiveren har været istand at lade de hidtil udkomne Hefter see Lyset, og fremdeles kan lade Tidsskriftet fortsætte den begyndte Bane, skylder han ene og alene det Selskab i vort Land, der med saa megen Beredvillighed altid har virket til litterære Foretagenders Fremme*

— det kgl. Norske Videnskabers-Selskab, som med Redebonhed ogsaa har rakt Udgiveren den understøttende Haand, uden hvilken Tidsskriftet forlængst ville have standset.» Disse orda gjeld i hovudsaka alle dei mange tiltaka som Selskapet under Bugges presidium førde fram,

14) — såleis også stønaden til den lærde orientalisten prof. CHR. A. HOLMBOES «Norske Universitets- og Skole-Annaler», ei svært viktig kjeldeskrift, som byrja koma frå 1834,

15) og kanskje endå meir når det galdt Holmboes lærde verk: «Det norske Sprogs væsentligste Ordforraad, sammenlignet med Sanskrit og andre Sprog af samme Æt. Bidrag til en norsk etymologisk Ordbog.» Dette verket kom ut i Wien 1852 og vekte interesse hjå fagfolk over heile Europa. 400 spd. ytte selskapet til dette i 1849—50. Holmboe var nær ven av Bugge. Båe interesserte dei seg like levande for Ivar Aasen, og dei sat saman i den store Riksskulenemnda.

Det kunne endå vera mange ting å nemna, — det gjeld stønad til P. CHR. ASBJØRNSSEN, 30 spd., til hjelp i tidsskriftene «Nor» og riksarkivar Langes «Tidsskrift for Videnskab og Litteratur», ja, til sjølve preses, Bugge, 100 spd. til utgjeving av ei skuleutgåve av Herodot — på same vis som til visepreses Storm og skrivaren Schwach —. Vidare er det veldige utlegg til boksamlinga, som i 1846 er på 23 000 band — berre året før var det kjøpt inn bøker for over 700 spd., «deriblandt Meget af den nyeste Litteraturs bedste Frembringelser i de fleste Videnskabsfag», ikkje minst medisinske skrifter. Og selskapet sine e i g n e skrifter bør heller ikkje gløymast, t.d. gullmedaljeavhandlingane til Schopenhauer og Harald Wergeland, og andre avhandlingar av Bugge, Schwach, Ivar Aasen (1846) og fleire.

Og ved sida av boksamlinga skal alle dei andre samlingane katalogiserast og vera så up to date i innhald og ordning som mogleg; bøkene skal lånast ut «til enhver dannet Mand i Byen og Omegn»; biblioteket har elles òg sitt eige «Læsecabinet» for medlemene —. Store utlegg krev myntsamlinga, mineralsamlinga (200 spd. kosta det berre å katalogisera desse to); «Antiqvitet»s-samlinga, den zoologiske samlinga — «en Naturaliesamling, der kan være Naturforskeren til Fornøielse og Nytte» o.m. Alt no har selskapet ein heil flokk løna funksjonærar, endå om desse berre har arbeidet som sidestilling, som årleg krev fleire hundre spd. i løner. Alt dette arbeidet og all denne verksemda — det er vi alle klåre over idag — har sett djupe merke i vårt åndelege vitskaplege og nasjonale liv. Berre få av alle desse tiltaka hadde vunne fram utan denne stønaden frå Bugge og selskapet. Det

kjem tydeleg fram i skriv til Vitskapsselskapet òg, ofte varme takkeskriv. Vi kan trygt seia at selskapet, med Bugge i brodden, er eit åndeleg kraftsentrum i denne nasjonale gjennombrøtstida vår. I røynda er Bugge blant dei fremste åndshovdingane i landet i denne tida, berre få har sett djupare merke etter seg. Det er reint noko gripande å sjå korleis tida sine menn, frå alle kantar av landet, kjem til Bugge og Vitskapsselskapet med bøn eller skriv om hjelp, til små og store tiltak. Og dei møter ei forståing når det gjeld syn og saker og ei hjarteleg beintfram-ferd når det gjeld einskildmenn som skal hjelpast, som ein gjerne kan seia er noko uvanleg i ein offentleg institusjon. Det er jamt så vanskeleg å seia nei eller visa nokon bort. Då den kjende presten og språkgranskaren NIELS STOCKFLETH i 1847 ber om hjelp til si norsk-lappiske ordbok — han treng 500—600 spd., er det tydeleg tungt for direksjonen å gjeva avslag; det finst ikkje disponible pengar. Prøv Opplýsningsvæsenets Fond eller staten, — hjelper det ikkje, så kom att om ei 2—3 år! sluttar svarskrivet.

Men ingen gong lærer ein Frederik Bugges beste sider betre å kjenna enn i hjelpa hans til Ivar Aasen og hans nasjonale gjerning. Kva det hadde vorte med Ivar Aasen dersom ikkje Bugge hadde kome til å oppdaga han og teke seg av han gjennom selskapet vårt, det kan det vera noko uvisst å svara på, men kva det vart til med Bugges hjelp, det veit vi alle i dag. Som før nemnt var Bugge saman med Wergeland nett kring 1840 sterkt oppteken av korleis ein best skulle kunna hjelpa fram bygdegeni som lite fekk nytta evnene sine. Om sumaren 1841 er eit slikt geni, Ivar Aasen, i Bergen for å syna fram fyrste ordboks- og grammatikkarbeida sine, m.a. til bispen JACOB NEUMANN. Rektor Fredrik Bugge, som elles var i kommisjonsarbeid i Oslo i desse åra, var ved eit tilfelle i Bergen nett dei same dagane som Aasen og har iallfall hatt kontakt med rektor HANS HOLMBOE og overlærer LYDER SAGEN om Aasen, dei har visstnok fyrst tenkt å skaffa Ivar Aasen, den underlege ungdomen, stilling på eit bibliotek, så han kunne få rimelege arbeidsvilkår. Bugge og Aasen møttest merkeleg nok ikkje i Bergen, endå biskop Jacob Neumann gjorde sitt til eit såvore møte, men heimkomen att til Oslo set Bugge seg i samband med Neumann; han har då òg lese Neumanns oppglødde utgreiing om Ivar Aasen i «Bergens Stiftstidende» (19. og 22. aug. 1841), også oppteken i «Den Constitutionelle». Her stod det m. a. at han i Aasens arbeid hadde funne «en Orden i Tankegang, og en Fremstillingsmaade, som den dygtigste Skribent skulde ikke have skammet sig ved. Det var en Autodidakt,

en værlig Discipel af Grammatikeren Rask, jeg havde staaende foran mig.» Bugge er oppglødd og ber om å få tilsendt manuskripta til Aasen til gjennomsyn, «idet jeg lovede.» skriv Bugge, «dersom jeg befandt at de lovede noget Ualmindeligt, at ville gjøre hvad det stod i min Magt for at vinde denne Person for Skolen og Videnskaben.» Neumann skulle ha sendt manuskripta til Oslo — med Welhaven, som nett var i Bergen. Dei vart fyrst sende ei god tid seinare. Av nytt brev til Neumann frå Bugge får vi vita at manuskripta er mottokne og gjennomgådde «med Nøiagtighed», fyrst av han sjølv, sidan av dei lærde venene professorane CHR. HOLMBOE og RUDOLF KEYSER, og han held fram:

«At Iver Aasen giver ualmindelige Forhaabninger om at kunne vorde en høist nyttig Mand for den lingvistiske Videnskabs Fremme og navnlig for den saa høit ønskelige systematiske Bearbejdelse af vore vigtigste Almuedialecter, paa hvilken igjen — om end i nogen Fjern Fremtid — Udarbejdelsen af en almindelig, ægte norsk Grammatik og Ordbog maatte kunne grundes, og dermed vort forqvaklede Bogsprogs Reduction til dets oprindelige Fuldkommenhed og Reenhed forberedes, — heri ere de nævnte dygtige og sagkyndige Mænd aldeles enige med mig. Vi have alle tre med den største Interesse læst den søndmørske Grammatik, og vi have høiligen forundret os over, hvorledes denne Autodidact har kunnet opnaae en saadan Skarpsindighed i Adskillelser og Sammenligninger, og tilegnet sig et saadant Bekjendtskab med andre herhenhørende Sprog og en saadan videnskabelig Orden og systematisk Form i Fremstillingen, som den, hvoraf hiin grammatiske Bearbejdelse bærer Præg. — Vi have derfor ogsaa besluttet paa ingen Maade at slippe denne rara Avis af Sigte, men gjøre alt som staar i vor Magt for at faae ham trukket hen paa den Bane, Naturen saa øiensynlig har bestemt ham for. — Jeg har derfor idag tilskrevet Directionen for det Kgl. Norske Videnskabers Selskab i Trondhjem om denne Sag, og foreslaaet — — — at en passende Sum aarlig bevilges Iver Aasen.

— — — Jeg har tænkt baade for Sagens egen Interesse, og for at vække Opmærksomheden til Fordeel for Iver Aasen, at forsøge at faae hans søndmørske Grammatik udgivet i Trykken.»

Dette brevet fortel mest like mykje om Bugge som om Aasen. Det syner gleder hans over sjølve dette geniet, denne rara Avis (sjeldne fugl), som han òg seier, og oppglødinga hans over den store nasjonale gjerninga Ivar Aasen er emna til å realisera; alt her kjem hovudprogrammet fram, som BUGGES plan — inspirert

av desse småarbeida til Aasen, med tilslutning av professorane Holmboe og Keyser: «Udarbejdelsen af en almindelig, ægte norsk Grammatik og Ordbog.»

Biskop Neumann svara Bugge 8 des. s. å. og er strålende glad for det Bugge har gjort: Ivar Aasen «fortjener den Opmærksomhed» som Bugge og dei to professorane har synt han, og «Fædrelandet vil engang høste Frugten af hans Talent og Deres Omsorg». Både er dei så heilt rørende opptekne av Aasen, og ikkje berre når det gjeld saka, men òg hans person. Det gjev eit rett menneskeleg bilete av Bugge, av omsuta og hjartelaget i han, når han skriv til Neumann: det ville ikkje «være af Veien om Iver Aasen jo før jo heller fik nogen opmuntrende Underretning om sine Manuscripters Skjæbne og om hvorledes hans Sag overhovedet staaer». Biskopen må ordna dette, han som har hatt den personlege kontakten med Aasen. Men ikkje mindre viktig er Bugges brev samstundes til Vitskapsselskapet (25/11—1841) «om en mærkelig ung Bonde, Iver Aasen, hvis ganske overordentlige videnskabelige, navnlig lingvistiske Talent» på eikor vis må gjevast stønad. Av brevet til Neumann same dagen kan ein sjå at Bugge ikkje tvilar det aller minste på at selskapet vårt kjem til å hjelpa; han spør jamvel om kor stor summen årleg bør vera. Endå Bugge er preses, er skrivet til selskapet ein søknad der alle formelle krav er i orden. Og det er eit skriv som idag er eit av dei viktigaste kulturdokument i vårt lands historie, og eit av dei aller merkelagste: Med eit klårsyn og eit perspektiv som helst høyrer til profetar av Wergelandstypen, og ein varme som ein berre finn hos sterkt ideelle naturar, ber han fram denne saka. Bugge seier m. a.: «Hvor glad og forbauset blev jeg ikke ved i disse literære Produkter (ordbok- og grammatikk-utkasta) at opdage det mest talende Beviser ei alene paa den den rosværdigste Flid og den sjældneste Iagttagelses-Evne, men ogsaa paa et lingvistisk Talent, en videnskabelig Orden og i det Hele taget en Fremstillingsmaade, der i Forening med dets Kjendskab til andre Sprog (Islandsk, Græsk o.s.v.) og til de berømmeligste grammatiske Bearbejdelse (f. Ex. Rask) hvoraf Manuscripterne bære Præg, vækker grundet Haab om at Iver Aasen med Tiden maa kunne vorde til megen Nytte for vort stakkels forsømte og forqvaklede Modersmaals videnskabelige Behandling». Han fortel vidare om samarbeidet med professorane Holmboe og Keyser, «og de have Begge med mig været aldeles enige i, at det vilde være uforsvarligt at tabe en saa meget lovende Person af Sigte, og erklærte sig med Glæde beredte til i Forening med mig at stræbe at faae den unge Mand trukket frem paa den Post, hvortil Natu-

ren saa øiensynlig har kaldet ham, nemlig den sammenlignende Sproggranskers. — Af vore Beraadslagninger i denne Henseende er det blevet Resultatet, at man jo før jo heller burde stræbe efter at faae saavel grammatiske, som lexikalske Bearbejdelser af de for vort tabte Oldsprog vigtigste Almuedialecter i Landet for derefter, naar de fornødne Materialer til en nøiagtig og fuldstændig Sammenligning vare forhaanden, af det Almene eller saa at sige det Typiske i de forskjellige Dialecter at construere en systematisk Bearbejdelse af en Grammatik og en Ordbog, der kunde tjene som Basis for Indførelsen (naturligviis successiv) af et almindelig og ægte norsk Skriftsprog.» — Ein ser Bugge har eit klårt program, og han legg til: «Sandelig, neppe vil et værdigere kunne findes for Selskabets Opofrelser.» Og han sluttar skrivet med desse orda: «Angaaende den heromhandlede Sag, som jeg paa det Varmeste anbefaler til Directionens Opmærksomhed, tør jeg saasnart som muligt forvente Directionens behagelige Svar, hvorefter jeg skal tillade mig noget udførligere at forelægge Selskabet Planen til Foretagendets Fremme.»

Søknaden var ein mektig appell til å vera med å løysa ei stor nasjonal sak. Og det skal seiast straks til Vitskapsselskapet, nærare sagt: direksjonen si ære, at det skjøna appellen, det skjøna og langt på veg rekkjevidda av si gjerning då det tok på seg å hjelpa fram Ivar Aasen og hans livsverk. — Det finst knapt noko namn ein finn så ofte i selskapet sine protokollar i tida 1841 til 1852 — då vart Ivar Aasen innvald som medlem — som Ivar Aasen. Og aldri vort det tala med større voner og varme om sak eller mann; interessa for Aasen er like levande også etter at Bugge i 1850 sluttar som preses. Det er «Gjenfødelse af Norges Selvstændighed ogsaa i lingvistisk Henseende» Ivar Aasen skal skape, for å nytta assessor C. N. Schwachs ord frå 1846. Heile selskapet ser Aasens sak for si; likevel kjem det tydeleg fram i brev frå direksjonen til Bugge hausten 1850 at han har hovudæra. Den oversender Bugge som gåve Ivar Aasen: «Ordbog over det Norske Folkesprog», nett ferdigprenta, «til en behagelig Erindring om Deres Virksomhed i Selskabet. Da Ivar Aasens (frå 1846 vert det Ivar for Iver i brev og protokollar) Sprogarbeider, der ere udgivne af Det kgl. Norske Videnskabers Selskabs Foranstaltning, for en stor Deel er fremkaldte ved den Interesse Hr. Rector har viist Sagen og dens Fremme», har direksjonen «den Fornøielse at oversende hoslagte Exemplar».

Vi herma Wergelands ord til Bugge: «Du og jeg hører sammen!» Når ein har lese dette brevet — og alt det andre frå Bugge

si hand om Ivar Aasen — også i pressa, t.d. i Morgenbladet i 1846 (25/5, nr. 145), der han fortel om det som til då er gjort «i Overbeviisning om Sagens overordentlige og mangesidige Vigtighed», då skjønar ein at ingen høyrde betre ihop enn Aasen og Bugge, trass i skilnad i ætt og opphav, i miljø og utdanning. Bugges nordmannskap er djupt folkeleg, som hans livssyn og kultursyn i det heile; — i politikken høyrde han til den radikale og folkelege fylkingen, som vi straks skal sjå. Hjartelaget til Bugge er det vel iser som får han til å bli så kjær ein ven for dei med minst makt og vyrndad i samfunnet, og dette var det vel òg som i samband med alltid frisk åndeleg vitalitet og evne til ny orientering, hadde gjort han mogen til å møta Aasen og hans verk med så stor skjønsemd, eller rettare: med slik inderleg oppgløding, slik at møtet dei i mellom vart eit lukkeleg møte. I vårt selskaps historie er i røynda dette ei av dei viktigaste hendingane. Frå hausten 1842 — Aasen hadde alt om sumaren vore i Trondheim hos Bugge, men kona hans var då sjuk, så det var elles Schwach som mest måtte ta seg av han — fekk Ivar Aasen 150 spd. årleg av selskapet til sine språkgranskingsarbeid rundt i landet i sansvar med arbeidsinstruksen frå selskapet frå 26. aug. 1842. Den 11. nov. 1845 kom han til Trondheim etter å ha gjort seg ferdig med Vestlandet, det indre Austlandet og dalane så nær som Østerdalen, som han tok på ferda attende til Oslo, dit han kom 24. sept. 1847. I desse 2 åra bur han for det meste i Trondheim, dvs. alltid når han ikkje er på reiser i Nidaros bispedøme, eller på språk- og arkeologisk-folkloristisk ferd på Helgeland. Vitskapsselskapet får honom nemleg ved sida av til å gjera etterrøkingar om dei nord-austlege innvandringsvegane folket vårt skulle vera kome etter det historiske synet til G. SCHØNING, no pånytt lag oppteke av Rudolf Keyser. I denne tida står han nykje i personleg kontakt med Bugge og selskapet elles, skriv språkavhandlinga til skriftet åt selskapet i 1846, og iser i tida 5. des. 1846 til 8. sept. 1847, då han i 9 månader bur i samanheng her i byen og «havde næsten fuldendt Bearbejdelsen af Folkesprogets Grammatik». Merkeleg nok er det berre få som er klare over korleis Aasens gjerning både økonomisk sett og når det gjeld studium, tildriv, utarbeiding, og arbeidstad er knytt til Trondheim. Dei bøkene han trong, skaffa biblioteket til Vitskapsselskapet. Bugge i Trondheim og hans næraste medarbeidarar i Oslo, riksarkivar Lange, professorane Holmboe, Keyser og P. A. Munch, er i alle år jamt ferdige til å hjelpa Aasen, også i mange reint praktisk-personlege ting. Då han reiser til Oslo hausten 1847 må han kjenna seg som ein lukkeleg

gjennombrotet, baa stader ved tingmannsvalet i 1850 — etter fyrst å ha gjort det i hypolitikken. Sverdrup vart sjølv tingmann. Korleis det gjekk med Bugge, skal vi straks sjå.

Diverre var Bugge ingen sterk mann; det glade selskapslivet han mykje var med i, tærde og hardt både på den fysiske og psykiske livskrafta hans; han kunne ofte vera svevnlauus og nedfor, kanskje mykje i kjensla av at han trass i alt ikkje hadde kome fram til den plass i norsk skule- og kulturliv elles som han i ungdomen og mange manndomsår visseleg drømde om. Hadde viljen og krafta vore sterkare, kunne han både i 1847 og 1850 ha vorte tingmann frå Trondheim, — ikkje eingong den folkekjære tingmannen O. A. Krogness stod så sterkt ved valmannsvala som Bugge. Og så såg han seg nøydd til å søkja avskil og la andre nytta fruktene av det politisk-demokratiske omskifte som skjedde i Trondheim by ved desse vala. Bugges popularitet i dei breie folkelaga vart vel utnytta av andre. Ein annan Wergelandsven, prokurator Lerche, som Bugge hadde samarbeidd mykje med i formannskap og bystyre, tek plassen hans på stortinget, elles frisk og vurdlaus opposisjonsmann som Bugge sjølv. Ein skjønar mykje deira plass og gjerning i byen av desse få ironiske (redaksjonelt) orda i ANTON BANGS blad «Den Frimodige» — i omtalen av valet i 1847 og med tanke på valet i 1850: «Hvad skulde t. Ex. Bugge og Lerche paa Stortinget? Slige Urostillere og Rabulister (altså ut frå dei konservative gamle makthavarar sitt syn) vilde kun forstyrre Forretningernes jevne Gang. Man kjendte dem jo nok fra Formandskabet: siden de kom derind, vare Idioterne bragt til Taushed i mangen Notabilitet, der i mange Herrens Aar havde vandret om i en Løvehud til Skræk og Beundring for Byens gode Borgere, blev nu nok saa peent afført den laante Dragt til de samme Borgeres store Forundring, idet de ikke kunde begribe, hvorledes de saalænge havde kunnet lade sig imponere af et slikt graat Væsen med lange Ører». — Skildringa er sett på kvasse odden — Bugge var ingen rabulist — men ho gjev eit levande bilete av sosiale og politiske motsetnader og brytingar som fyller dei siste åra til Bugge i Trondheim, og korleis Bugge stod til desse. Hadde folket ikkje late seg ta ved nasen av embets- og storborgarmakta i 1847, kunne Bugge alt då ha vore tingmann, fortel bladet. Borgarane røysta rett nok til valmannsvalet, det var sjølve valmennene som dumma seg. Meinnga til dei røysteføre var tydeleg nok: «De mente, at Rektor Bugge var en af Landets talentfuldeste Mænd, som det var Synd og Skam ikke at sende til Stortinget, for at han der kunde aagre med sit Pund.» Dette er skrive framfor valet i 1850, då han atter, han er då òg

prins — berre få meneske har i den tida dei mest treng det, møtt meir skjønsend og velvilje enn Ivar Aasen i desse åra. Alt 12. nov. same hausten noterer Aasen i dagboka si: «Faaet brev fra Videnskabsselskabet med Stipendium. Indhold: Selskabet bekoster Gram. Trykning og overlader mig Oplaget. Stipendiet forhøies for dette Aar til 200.» Skulle ikkje h a n kjenna seg stolt og rik og glad i all denne medgangen og frodige utfaldinga, kven skulle det då? Og deretter får Aasen sine 200 spd. stipend-pengar årleg til å gjera ferdig ordboka si. Vitskapselskapet kosta òg prentinga av henne; ho kom ut i 1850.

Om hausten dette året, endå Bugge går frå styret om sumaren, er direksjonen like omhugsam mot Aasen og vil lengja stipendiet hans — det viser kor djupt Bugge merkte selskapet —. Aasen bur no heime på Sunnmøre. Selskapet skriv og vil få han i sving med nye arbeid, såleis «et fuldstændigt og godt Lexikon i Oldnorsk». Det er fleire skriv fram og attende i denne tida mellom Vitskapselskapet og Kyrkjedepartementet på den eine sida og mellom Vitskapselskapet og Aasen på den andre om eventuell hjelp og planar til nye arbeid. Det melder frå til Aasen at det driv drøftingar med Departementet om fast offentlig løn til han, og elles etter oppmoding har gjeve det si fråsegn om han. Førebels vil selskapet gje han stipendium året ut. Aasen er takksam, men seier nei til tilbodet; han greier seg til så lenge med innkomene av grammatikken og vil venta og sjå kva det kjem ut av riksstyret sine planar. Alt 10. des. same året får han ved kgl. resol. 100 spd. av Oplysningsvæsetnets Fond for fyrste halvåret av 1851, og melding om at det gjer framlegg om ei årleg løyving på 300 spd. til han for neste storting, som vedtok dette i august 1851. — Aasens verk er både verdsett og kjent, men lite vert det hugsa at mannen som stod attom og la planar og gav arbeidsmod og arbeidsvilkår var rektor Frederik Bugge, eit verk han elles einast kunne løysa av di han var preses i Vitskapselskapet, og av di han sjølv ikkje berre var ein stor nordmann, men ei vidspennande, gløgg og rik ånd. Skal vi skjone Bugge fullt ut, må vi jamt hugsa på at han høyrde til det vi vanleg kallar 1814-generasjonen, som Wergeland og så mange av våre andre større åndsmenn i den nasjonale gjennombrotstida. Livsvegen hans ligg tydeleg for oss når vi nemner 1814 og namna Georg Sverdrup, Henrik Wergeland, Ivar Aasen — og i politikken JOHAN SVERDRUP. Som Johan Sverdrup er han ikkje berre fylt av «tidens nasjonale trang», men, i kvar sin by, Sverdrup i Larvik — var dei samstundes friske politiske opposisjonsmenn og skapte det liberal-demokratiske

ordfører i Trondheim, står fremst blant valmennene. Han skulle vore sjølvskreven tingmann etter valmannsvalet; men no svikta hans egne honom, ei noko underleg hending. For om Bugge ikkje kom på stortinget, kom han med det største røystetal av alle inn i hystyret i januar 1851, der han er med til han om hausten fer frå byen — til Bergen — med heile huslyden. 30. juli 1851 fekk han på søknad avskil i nåde, med 666 spd. i pensjon, dvs. $\frac{2}{3}$ av embetsløna si. Han orkar ikkje Trondheim og skulelivet meir. Eksamensresultatet hadde elles aldri vore så storfint som ved siste eksamen, serleg i hans egne fag. Ingen av studentane hadde ringare karakter enn laud, og hans eigen son var den beste i heile landet. No vil han leva som pensjonist, vera privatmann og fri åndsarbeidar, dyrka sitt klassiske studium og sine serinteresser elles.

Det vart mindre enn 2 år å gjera på, han døydde brått av slag. Men han fekk då ut ei skuleutgåve av Platons «Kriton» og den kjende omsettinga av dei 3 fyrste bøkene av Homers «Iliaden» — ei bok det elles vart mykje strid om i samtida, då Bugge her med vilje tek til å realisera sitt og Ivar Aasens språksyn, førebels med ei sterk fornorsking — «Ihi vort Skriftsprog er ikke norsk, men et av dansk-tydske Brokker konglomereret Kaudervælsk», som han seier i forordet, ei lengre grunngjeving elles av språket og språksynet sitt. Her gjer han òg greie for Ivar Aasens gjerning og plan — «et Tilfælde vilde, at Ledelsen af denne Plan for en ikke ubetydelig Deel kom i mine Hænder.» No «maa man begynde at sigte de indvundne Materialier, at pukke og tilgodegjøre de riigholdige Malmer, IVAR AASEN har fordret op i Dagen.» Her går også Bugge fast inn for eit språksyn som titusen nordmenn hyl-ler i dag, fornorskingssvegen. Det ville ta tid før ein fekk heile folket inn på Aasens vegar, det var han klår over alt i fyrste breva sine om Ivar Aasen. Det måtte skje «succesivt», som han seier. Skulle det bli eit verkeleg norsk mål ein gong, laut ein òg byrja med bokmålet. Vi er alle klære over i dag at Bugge har vore ein uvanleg klår og praktisk målbyggjar, og anten vi er målmenn eller fornorskingsmenn, kan vi seia at han er vår mann — slik vi òg mykje gjer det med Wergeland; så sterkt var altså Bugge ein språkleg framtidsmann. Men domen i samtida var hard, også frå sume av hans gamle vener, då iser brørne Vibe, og nedfor og nærtakande som han var i desse siste åra, tok åtaka i pressa sterkt på han; sume seier at dette truleg gjorde sitt til at han døydde så snøgt. Iliadeomsettinga til Bugge vert no dømd annleis. Ein av våre fremste fagmenn idag, dosent EMIL SMITH, seier såleis: «End ikke Østbyes udmerkede oversættelse

(fra 1920) med sin rene tone, som er fri for enhver smagløshed, har en saa ekte norsk, fast og sterk klang.» Men den gongen toldest ikkje mykje fornorskingssinnslag; jamvel ord som svart, staut, letvint, saltsjø, høvelig, låk, ståk, lynne, fjeldskar, møtte berre spott. Det er alltid vanskelegast å gjera pionerarbeid, det fekk Bugge røyna. Slike menn kan ikkje byggja på andre. Dei må ta av sitt eige. Bugge hadde ein slik rikdom i seg at han kunne greia det. Her ligg sjøelve stordomen hans. Vi er i dag glade over at han heilt til slutt var mann for å gå sin einslege og sjølvstendige veg, jamvel om tunge motgangs- og nederlagskjensler må ha plåga han den aller siste tida. Kanskje ottast han at det vart ikkje likare med språkdraumane hans enn med den store kongstanken hans for den norske skulen? For hans personlege lukke var det helst noko av ein tragedie at han slo seg til i ein liten provinsby istaden for å bli i hovudstaden som universitetslærer. Han fekk ikkje det rette vengefang; miljøet var for avgrensa. Då han døydde og vart førd til grava den fine junidagen 1853, var det nok mange fleire enn gravferdsfolket i Bergen — det var iser skulefolk, studentar og andre akademikarar, men òg mange arbeidarar og handverkarar — som kjende at her var det ein merkeleg mann, ja, «en meget mærkelig Mand» dei tok farvel med. Og ingen har kjent det sterkare enn unge Lorentz Dietrichson, seinare professor i kunsthistorie, som las privat med Bugge for å bli student. Knappt nokon norsk skulemann har fått eit betre ettermøle av ein elev. Dietrichson hadde gjeve opp på halvvegen på Bergens katedralskole. Men «Bugge salte nyt Maskineri i mig». — «Jeg var som forvandlet under min nye Lærer». Dette er ikkje frasar, det kjenner alle som les heile skildringa hans. Ein forstår når Dietrichson seier, at det er Bugge han skuldar alt, at han i det heile vart til noko, «og derfor elsker og takker jeg ham endnu i den Grav, der saa længe har lukket sig over hans Stov.» Og han legg til: «Han var jo, da jeg fik ham til Lærer, allerede nedbrudt og svag — — men jeg siger som Kjærringen hos Phædrus, der lugtede til det tomme Vinfad og sagde: «Hvor liflig maa ikke den Vin have været, som engang var i dette Fad, naar Resterne dufte saa herligt.»

I sanning: rektor Frederik Moltke Bugge fortener vårt selskaps heider idag. Trass i hans utdanning og hug- og lærdom, som tidleg peika han ut til klassisk-humanistisk førarskap, vart det i norsk vitenskap og åndsliv, i norsk skule og oppseding, i norsk språkframvokster og i nasjonalt kulturliv i det heile at Bugge vann seg hovdingrom. Ein festglad, frisk og frodig natur var han, med ei reint klassisk livskjensle, og alltid rik på idear

og tiltak. Ein sjeldan fugl, sjølv ein *rara Avis*, i dette strenge og harde landet vårt. I vårt selskap og i vårt sinn skal han leva vidare som *Rector magnificus*.

KJELDER OG LITTERATUR

I.

A. PRENTA KJELDESTOFF OM FREDERIK BUGGE

- P. C. B. Bondesen: Slægten Bugge i Danmark og Norge, 2. utg. s. 144—164. Hefteskriftet «Portræt af mærkelige Nordmænd», 1. r., h. 17, s. 181 fg. Oslo 1852.
- J. Løkke om Bugge i Ill. Nyhedsbl. nr. 26, 1853.
- Karakteristikk av Bugge, Morgenbladet 1840, Tillæg, nr. 322.
- Den Constitutionelle, nr. 122, 2. mai 1837, etter Augsb. All. Zeitung.
- Nekrolog i Bergens Stiftstidende, nr. 47, 1853 — oppteken både i Den Frimodige og Trondhjems Stiftstidende 27. juni 1853, nr. 51.
- Bergens Stiftstidende, 2 minnedikt i nr. 48 og 51 1853.
- Nordisk Familiebog, II, 1302.
- Et Offer paa Retfærdighedens Alter, Trondhjems Stiftstidende, nr. 22, 13. september 1851 (Redaksjonelt, Chr. Monsen).
- Et Offer paa Retfærdighedens Alter, svar av Den Frimodige (red. A. Bang), nr. 76, 22. sept. 1851.
- J. B. Halvorsen: Frederik Moltke Bugge i Norsk Forfatter-Lexikon.
- Emil Smith: Frederik Moltke Bugge i Norsk Biografisk Leksikon.
- Lorentz Dietrichson: Svundne Tider, I, s. 46—49.
- A. E. Erichsen: Trondhjems Kathedralskoles Historie.
- E. Aas: Stavangers Kathedralskoles Historie.
- Einar Høigaard: Oslo Katedralskoles Historie.
- Torstein Høverstad: Norsk Skulesoga, II, s. 404—461.
- Torstein Høverstad: Ole Vig.
- Ivar Aasen: Samla skrifter, I—III.
- Ivar Aasen: Reise-Erindringer og Reise-Indberetninger (ved H. Koht).
- Arne Garborg, Anders Hovden og Halvdan Koht: Ivar Aasen. Eit minneskrift.
- J. Belsheim: Ivar Aasen.
- J. S. Welhaven: Norges Dæmring.
- Syn og Segn, 1901: Uprenta brev fraa 1841 um Ivar Aasen frå rektor Fr. M. Bugge, ved H. Koht, s. 337—341.
- Syn og Segn, 1902: Dagbog paa en Reise til Trondhjem i Juli Maaned 1842. Av Ivar Aasen (ved H. Koht), s. 151, 226.
- Same stad: Fyreskipnad for arbeidet aat Ivar Aasen, uprenta brevstykket fraa 1842 (ved H. Koht), s. 464.
- Andreas Erlandsen: Efterretninger om Lectores theologiae, Rektorer og Conrektorer ved Thronhjems lærde Skole og Seminarium lapponicum (Det kgl. n. Vidensk.selsk. Skr., 4. b., 2. h.) 1859.
- C. N. Schwach: Kort Udsigt over Det Kgl. norske Videnskabers Selskabs Hist. og
- Ivar Aasen: Om en Ordbog over det norske Almuesprog samt en dertil hørende Grammatik — og
- Det kgl. norske Videnskabselskabs Medlemmer 1798—1846, alle tre i selskapet sine skrifter, 4. band, 1. h. 1846.

- Norsk Slekstshistorisk Tidsskrift 1940: Artiumsbrev til Trondhjems Kathedralskoles Mesterlektie 1819—37 (ved Olaf Sollied).
- Hist. Samlinger, ug. af Den Norske Hist. Kildeskriftkommission, b. II, s. 172 fg.: Breve til Rector Frederik Moltke Bugge 1836—1844 (ved Ludvig Daae, som òg har ei biografisk innleiing om Bugge).
- V. Gedde: Barndomserindringer, Hamar 1902, s. 32.
- J. Richter og O. Nordgaard: Det kgl. norske Videnskabers Selskabs Historie 1760—1910 (ei stutt utsyn).
- Miscellanea Nidrosiensia, til F. Wallems 50-års dag 1927.
- W. Gwinner: Schopenhauers Leben. Leipzig 1878. S. 455 fg.
- Dr. Arthur Schopenhauer: Kan Menneskets frie Villie bevises af dets Selvbevidsthed? V. S.s skr., 3 b, h. 2. 1839.
- A. Skrondal: P. O. Bugge og Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab, b. 12, 1939, D.K.N.V.S.'s Forhandlinger, s. 25—45.
- Otto Anderssen: Realisme eller klassicisme.
- Otto Anderssen: Norges høiere Skolevæsen 1814—1914.
- A. Lange: Optegnelser om sit Liv og sin Samtid. Oslo 1905.
- H. Raabe: Norges folkeskolevæsen i hundrede aar.
- Den Frimodige, nr. 59, 1850 («Tillæg»), svært utførelg referat frå det store stiftslærarmøtet i Trondheim juli dette året.
- Asbjørn Øverås: Pedagogisk arbeid mellom bygdeskulelærarar for snart hundre år sidan, i Norsk Ped. Tidsskr. h. 1—3, s. 91.
- H. J. Hammer: Stavanger lærde og Borge-Skole 1829—1841, U. og Skole-Ann. 1842, 4. h., s. 357—380.
- Departements-Tidende, årgangane 1836—1846, iser 1841, nr. 35 og 1842 nr. 14. Forutan dette stoffet, som ovanfor er nemnt, finst det ei heil rekkje større og mindre artiklar og notisar i pressa som vedkjem Bugge, iser i Oslo-prensa (Morgenbladet, Den Constitutionelle og Skillingsmagasinet) og Trondheimsblada (Nordlyset, Den Frimodige, Trondhjems Stiftstidende og Trondhjems Adressekontors Efterretninger). Med tid og høve fullfører eg vonleg eit større arbeid om Bugge med meir presise tilvisingar.

B. PRENTA ARBEID AV FREDERIK MOLTKE BUGGE

1. Det Latinske Sprogs Kjønnsregler, satte paa Riim, 1834, 8 s.
2. Om de Hindringer, der i vore Dage fornemmelig møde de lærde Skolers Virksomhed. Indbydelsesskrift til den offentlige Examen ved Trondhjems lærde Skole 1835, 50 s.
Det vart ein større skulestrid i Oslo-prensa, som fekk Bugge til å senda ut ei bok på 232 sider i 1836:
3. Blik i vor Tid med særdeles Hensyn paa vort lærde Skolevæsen. (Her finst òg — med mindre brigde — den fyrre avhandlinga.) Ny skulestrid, sjå Halvorsen: Norsk Forfatter-Lexikon, I, s. 520.
4. Indbydelsesskrift til den offentlige Examen 1836. 40 s.
Innhald: a) Brudstykker af en hexametrisk Oversættelse af Iliadens 1ste og 2den Bog.
b) Skoleefterretninger.
5. Indbydelsesskrift til den offentlige Examen 1838, 40 s.
Innhald: Grundtræk af det lærde Skolevæsen i Kongeriget Würtemberg.
6. Indbydelsesskrift til den offentlige Examen 1839, 31 s.
Innhald: Underviisningsplan for Trondhjems lærde Skole.
7. Om det elementære og borgerlige Skolevæsens Forfatning i de preussiske Stater, Kongeriget Sachsen, Størhertugdømmet Sachsen-Weimar, samt Kongerigerne Bayern og Würtemberg. Innleiing 19 s. + 348. (Band I).

- (Preussen s. 1—124, Sachsen 125—183, Sachsen-Weimar 184—198, Bayern 199—232, Württemberg 233—265, Bilag til Preussen og Bayern 267—348).
8. Band II, 377 s., same titel, handsamar det høg re skulestellet i dei same statane etter liknande inndeling, 1. b. gjeld iser grunnskulen.
 9. Band III: Ideer til en Reorganisation af det offentlige Skolevæsen i Kongeriget Norge tilligemed tre Anhang, indeholdende: 1) Skildring af Underviisningsvæsenet i Kongeriget Frankrige, 2) Tillæg, 3) Statistiske Notitser. 419 s. Alle 3 banda prenta i Oslo 1839.
 Dette arbeidet vart ikkje berre motteke godt her heime, men vart òg «omtalt med Berømmelse i flere tydske, danske og svenske Journaler og Blade». Ein del vart òg omsett til svensk. Om dette + ein del polemikk om verket, sjå Halvorsens Forfatter-Lexikon.
 10. Om Oprettelsen af en Centralauktoritet for Opdragelses- og Underviisningsvæsenet i Norge, og
 11. Udkast til en almindelig Plan for de lærde Skoler i Norske Universitets- og Skole-Annaler, 2. r., 1 b., 1. h., s. 3—36. 1842.
 12. Udkast til Lovbestemmelser angaaende de lærde Skolers Lærere, N.U. og Skole-Annaler, 2. h. 1842, s. 192—206.
 13. Motiveret Votum angaaende Anordningen af Prøver for de lærde Skolers Lærere. N. U.- og Skole-Annaler, 2. r., 3. b., 2. h., s. 250—65, 1845.
 14. Underviisningskommissionen og dens Arbeider, N. U.- og Skole-Annaler, heile hefte 3, 1845, s. 323—505.
 15. Træk af Tragoediens ældste Historie og det græske Theatervæsen, En Sammenstilling og Bearbejdelse af de nyeste Forskninger Resultater paa dette Gebet. Indbydelsesskrift til Den offentlige Examen i Trondhjems lærde Skole i Juni og Juli 1847, 49 s. (Meld av H. J. Thue i Norsk Tidsskr. for Videnskab og Literatur I, s. 410—12).
 16. Indbydelsesskrift til den offentlige Examen i T.hjems lærde Sk. 1848.
 Innhold: I. Antydninger til en summarisk rationel Oversigt over Sprogets, navnlig det latinskes, syntaktiske Bygning, som Slutsteen for den grammatiske Underviisning i de lærde Skoler, Første Deel (ingen 2. del seinare!), 53 s.
 II. Efterretninger om Trondhjems lærde Skoles Historie og Forfatning i de 12 sidste Skoleaar, 53 s. + 2 tabellar. Jfr. N. U.- og Sk.-Ann. V, 341—78.
 17. Den constitutionelle Statsform, betragtet i dens Forhold til Samfundets høiere Interesser, i D.K.N.V.s skr., III, 101—127. (Tale av Bugge på høgtidsdagen 26. jan. 1839, ikkje 1838, som Halvorsen seier.)
 18. De constitutionelle Statsforfatningers Indbydelse paa Folkenes Velvære. Tale på høgtidsdagen 1843, prenta i Nordlyset nr. 11 og 13 1843. (Red. opplyser at talen kjem ikkje til sin rett prenta «fordi den her ikke kan hæves ved Talerens heldige Foredrag og gode Udførelse i det Hele».)
 19. Sophoclis Philoctetes, 136 s., Nidarosiae 1849. (Meld av H. Nissen i Chr.-posten 1850, nr. 616).
 20. Supplerende Tillæg til F. M. Bugges Udgave af Philoktet, 16 s., Bergen 1853.
 21. Den græske Tragoedie. En Indledning til Studiet af de græske Tragikere, 54 s. (Eigenleg ny utg., noko omarbeidd, av utgreiinga 1847.)
 22. Charakteristiske Træk af Biskop Dr. P. O. Bugges Liv og Virksomhed, 53 s., 1851. Anonymt. (Meld i Morgbl. nr. 12 og i Chr.posten nr. 899 i 1851).
 23. Homers Iliades tre første Bøger, oversatte og i kortfattede Anmærkninger oplyste af Frederik Moltke Bugge, 8 + 58 + 51 s., Bergen 1852. For-

- ordet, 8 s., er å seia Bugges språkprogram. (Meldingar og ordskifte om språket i Bergenske Blade nr. 441—42, Ill. Nyhedsbl. nr. 31, Chr.posten nr. 1502—1503 og 1505 (av F. L. Vibe), tilsvar av N. R. Østgaard i nr. 1534, 1537—38 og nytt innlegg frå Vibe i nr. 1550 og fg. nr. Broren Andreas Vibe har ein parodi på Bugges Iliadeomsetjing i Chr.posten nr. 1512, jfr. Ei prøva taa eit Bygdemaal i Morgbl. nr. 343, 1852.) Jfr. Bugges innbyding til subskripsjon på Homeromsetjinga i T.hjems Stiftst. og Adr.-Efterr. apr.—mai 1851.
24. Platons Kriton, 6 s. innleiing om Sokrates og Platon, 29 s. gresk tekst, 26 s. opplysningar og merknader. Bergen 1852.
 25. Konfirmationsgave til Ledsagelse gennem Livet, av Fr. Arndt, omsett av F. M. Bugge. Fyrste utg. Bergen 1854, 2. utg. (1859) 205 s. Ei 3. utg. 1868.
 26. En liden Skolepsalmebog ved Fredr. M. Bugge. Ifølge Kirkedepartementets Approbation indført ved Molde Lærd- og Realskole. Molde 1868, 61 s. (Boka er truleg laga samstundes som Konfirmationsgave straks før Bugge døydde, kjenner ikkje eldre prenta utg.)
 27. Nogle Bemærkninger om den elementære Underviisnings Indflydelse paa Aandsevnerne, Den Frimodige 1851, nr. 14 og 16. Visstnok Bugges siste ped. arbeid i Trondheimstida.
 28. Til Trondhjems Byes Repræsentantskab Angaaende den projekterede Havnedæmning eller Molo. 17 foliosider. 1847. (Frederik Bugge formann i nemnda.)
 Det er enno ei heil mengd større og mindre artiklar og innlegg av Bugge gjennom åra i blada, ein del er nemnde i Halvorsens Norsk Forfatter-Lexikon, såleis også hans brev som korrespondent til eit par tyske blad omkring 1840. I Morgenbl. og Den Constitutionelle går stridsbylgjene om han serleg sterkt i denne tida. Opphavet var eit brev til Augsburgers Allg. Zeitung om greiv H. W. Jarlsbergs død i 1840, der Bugge ordla seg noko tankelaust, lyt ein seia. Så kom storåtaket på han i Den Constitutionelle, nr. 310—11 i 1840, med svar frå Bugge i Morgbl. nr. 318—19, Tillæg, 1840. Sjå vidare Den Constitutionelle 1840, nr. 312, 323, 333, 334, 337, 344 og Morgbl. same år: 322, Tillæg, 323, Tillæg, 328, 335. Jfr. òg nr. 75 og 77.
 Mange mindre art. av Bugge i Trondheimsblada.

II.

UPRENTA KJELDESTOFF

- Protokollar og brevsaker i arkivet til Det kgl. norske Videnskabers Selskab, Biblioteket.
 Arkivet til Fraturnitas Nidrosiensis, i arkivet til Det kgl. norske Videnskabers Selskab, Biblioteket.
 Bisparkivet (Eforat-arkivet) i Statsarkivet, Trondheim.
 Trondheim katedralskoles arkiv i Statsarkivet, Trondheim.
 Trondheim kommunearkiv.
 Frederik Moltke Bugges brevsamling, Universitetsbiblioteket.
 Bugges søknad om reisestipend + fråsegner frå Universitetet m.m. i Riksarkivet.
 Protokollar og dokument til Riksskulenemnd I og II (1839—1845) i Riksarkivet.

I alle prenta kjelder finst det eit par mistak som eg gjerne vil nytta høvet til å gjera merksam på her:

1. Bugge sat i Trondheim formannskap i dei 8 åra 1843—50, i dei 4 åra 1844—45 og 1849—50 var han ordførar. Jamvel på måleriet av han i ordførargalleriet står det berre at han var ordførar i 1845. Dessutan var han med i Trondheim bystyre, vald som fyrstemann, i 1851, siste året han budde i Trondheim.
2. Det kjem ingenstad rett fram kor lenge han var preses i Vitskapsselskapet. Han vart vald til preses 29. mars 1838 — kvar gong på 5 år, vart attvald i 1843, 31. mai 1848 vart han vald for 3. gong, skulle såleis ha sete til våren 1853, men melde seg ut i juni 1850 (sjå foredraget), skrivet hans til direksjonen er journalisert 3. juli d. å. I direksjonsmøtet 5. juli vart utmeldinga referert og godkjend. Sjølv fungerte han siste gong som preses i direksjonsmøte 4. juni 1850. Det vart ein del skumling blant folk om utmeldinga hans, så Bugge laut ut i Den Frimodige med ei melding 9. juli 1850, der han elles ber redaktøren ta inn heile utmeldingsbrevet sitt. At det kan vera friksjonsfaktorar med i spelet, held eg for rimeleg, men når ein veit at Bugge i desse åra er ordførar i byen — dessutan reknar han òg helst med å bli vald på stortinget om hausten — så er det ingen grunn til ikkje å ta utmeldinga hans som ho er. Han har mykje å stå i, helseveik og nedåtsliten som han òg er. Han har iallfall Trondheims folkegunst som ingen, skal ein slutta ut frå valmannsvalet hausten 1850 og bystyrevalet jan. 1851.